



Foto: Hanne Schnitler

ÅRSMELDING

2025

Førde sokneråd

Det er tid for å sjå tilbake på kva vi har drive med i 2025, skal vi halde fram med det same som vi har gjort i alle år, eller er det tid for å slutte med noko, og gjere nye ting i stadenfor?

Nytt frå soknerådet:

2025 har vore det første heile året med Kraft, og det er prøvd ut fleire arrangement som ein håpar vil vare. Det viktigaste arbeidet vi gjer er å bygge fellesskap.

Soknerådet har støtta diakoniutvalet i at ein ikkje brukar ressursar og krefter på julafta-arrangement, men heller støttar opp om andre aktuell arena. I år var det naturleg å ha fokus på å arrangere julefest i romjula for små og store.

Soknerådet vedtok nye misjonsavtaler som tredde i kraft 1.januar 2025;

- Venskapsarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba, eit samarbeid med Normisjon og Bjørgvin Bispedømme,
- Liv og Helse Nepal v/Normisjon
- Menighetsbygging i Estland v/ NMS

Det er oppretta moglegheit for skattefrådrag på gåver og kyrkjeoffer. Vi har opna for å kunne gi gåve direkte til Prosjekt Kraft, flygel i kyrkja, kyrkjelydsarbeidet eller dagens offer via Vipps.

Det vart starta arbeid med å gå til innkjøp av flygel i kyrkja. Vi jobbar med å skaffe nok midler til å kunne iverksette dette kjøpet.

Suksesshistorie frå 2025:

På semesterstartgudsteneste i august hadde vi kyrkjegrill i etterkant av gudstenesta framfor garasjen på kyrkjetunet. Det var eit vellykka arrangement, med aldersspenn frå 0 til 100 år. Tid til prat for dei ulike generasjonane.

På julefesten soknerådet arrangerte i romjula var det samla ca 90 deltakarar i alle aldrar. Det var mange born med foreldre og besteforeldre, akkurat den målgruppa vi ynskte å nå.

Fokusområde 2026:

Bygge fellesskap for unge vaksne, både familiar og einslege. Rekruttere nye frivillige, slik at vi kan halde oppe den store aktiviteten vår.

Statistikk og kommentarar frå soknepresten

	Førde 2019	Førde 2020	Førde 2021	Førde 2022	Førde 2023	Førde 2024	Førde 2025
Døypte eigne	86	87	81	93	76	103	91
Deltakande på søndagsgudstenester	11672	5718	5567	10072	9174	10657	10821
Deltakande på andre gudstenester	6534	322	2216	4032	4800	4544	3208

Deltakande på gudstenester Totalt	18206	6040	7783	14104	13974	15201	14029
Tal søndagsgudstenester	68	67	56	77	61	63	65
Tal andre gudstenester	43	14	26	32	42	46	23
Tal gudstenester med nattverd	58	26	32	38	43	56	57
Totalt tal på deltakarar til nattverd	3360	648	1232	2098	2082	2312	2657
Tal gudstenester totalt	111	81	82	109	103	109	88
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	154	75	95	129	136	139	159
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	171	86	99	130	150	169	166
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjestar **	57	25	39	55	48	49	53
Tal konfirmantar	148	149	144	152	140	143	145
Totalsum på kollekt i kyrkja *	439.367 kroner	211.100 kroner	224.277 kroner	459.794 kroner	425.465 kroner	378.346 kroner	401.081 Kroner
Innmelde	13	2	6	2	9	6	9
Utmelde	45	42	45	17	32	24	27
Vigslar	9	3	4	14	7	13	14
Deltakande vigslar ***	--	--	--	--	--	--	619
Gravferder	55	58	44	72	63	62	71
Deltakande på gravferder	7819	--	3461	7641	6578	6874	8427

**Nattverdsgudstenester – i dette talet ligg og nattverdsamlingar på sjukeheimen 8 gongar i året. Vi tek difor desse ut når vi skal rekne snitt på nattverdsgjestar i søndagsgudstenesta.

* Denne summen er kun kollekt på gudstenester. Tillegg kjem Fast gjevarteneste: 38.450,- og Andre innsamlingar og gåver: 91.219. Totalt innsamla gåver i kyrkjelyden er difor 530.000,-.

*** Deltakande på vigslar har vi ikkje ført opp i denne tabellen tidlegare, men eg tek det med for å synleggjere bruk og deltaking i kyrkja også ved slike høve.

MERKNADAR

Her vil vi kommentere og om mogeleg forklare større endringar/avvik, og svare ut nokre spørsmål som prost og bispedømme har spurt om.

Andre gudstenester: Om ein samanliknar tala for 2025 med tala frå 2024 ser ein at det er ei halvering frå 46 gudstenester utanom høgmesse i 2024 til 23 i 2025. Dette talet synest høgt, men noko kan forklarast:

Vi har av ressurs hensyn kuttet ut kvardagsmessene på torsdagane i alt 6-8 i året. I 2025 var sokneprest heilt eller delvis sjukmeldt, og difor tok ein også ned noko aktivitet. Av same grunn har vi i 2025 ikkje hatt eigne dåpsgudstenester, men all dåp har funne stad i dei vanlege gudstenestene søndag 11.00.

Dette vert ikkje 23 gudstenester, så det resterande avviket kan skuldast feilregistrering/feilføring av til dømes nattverdsamlingar på heimen eller unge-vaksne gudstenester på kveldstid.

Oppmøte på gudstenester. Når ein ser på tala vil ein sjå, at det er ein naturleg reduksjon på oppmøte på “andre gudstenester”, medan oppmøtet på dei faste søndagsgudstenestene går opp. Snitt oppmøte på søndagsgudsteneste er ganske stabil på 160+.

Gåver. Soknerådet har hatt eit fokus på å gjere det enklare å gje gåver både i gudstenesta og utanom, og difor har vi lagt inn ein kommentar på dette under statistikken. Vi vil og gjere merksam på at den endelege rekneskapen for 2025 enno ikkje ligg føre, så her kan det kome endringar.

Gravferder. Vi har hatt i alt 71 gravferder, men det som ikkje kjem fram i statistikken er fordelinga mellom gravferd/bisetjing frå Førde kyrkje og frå Sjukehuskapellet. I 2025 var 59 frå kyrkja og 12 frå kapellet på sjukehuset.

Frivillige. I kyrkjelydens arbeid, inklusive alle aktivitear, var det i 2025 175 personar som på ulikt vis var involvert med ei frivillig/uløna teneste.

Julaftan. I Førde kyrkje var det i 2025 ei markant auke om oppslutninga på dei tre gudstenestene på julaftan. Til saman var det 1200 menneske innom dei tre gudstenestene. Vi vil særleg halde opp familiegudstenesta klokka 12.00, som vart gjennomført med støtte frå ein tilsett, men elles utelukkande med frivillige aktørar. Det er framføring av julespel og mykje song. Mindre liturgi. Ingen prest eller organist involvert. Her møtte det fram ca.300 menneske, og det er opp ca.100 frå året før.

Fyrste juledag. Det er ei stor glede at vi i Førde framleis klarer å halde fyrste juledag oppe som ei høgtidsgudsteneste der mange deltek (ca.200) og der kyrkjekoret er med og løfter det heile med sterk song.

Juletefest for småbarnsfamiliar. I regi av soknerådet hadde to unge familiar i år arrangert juletefest med fokus på småbarnsfamiliar, og kring 90 møtte opp til ein fin samling på Førde kyrkjetun. Det som oppmuntrar mest er at det var småbarnsfamiliane som utgjorde kjernen i forsamlinga. Mange av dei som møtte er folk som også er med på Krøllesamlingar, Baby-song eller korskulen.

KRAFT – ungdom og unge vaksne. I løpet av 2025 har arbeidet for ungdom og unge vaksne blitt meir etablert og ulike typer samlingar har funne ein form. Mellom anna er det no 2-3 faste gudstenester i halvåret på kveldstid av og for denne målgruppa.

Sluttmerknad:

Førde kyrkjelyd er ein kyrkjelyd med eit stort aktivitetsnivå, og som det går fram av tala og årsmeldinga elles, så er det særst mykje som gjerast av frivillige og frivillige i samarbeid med

tilsette.

Det merkast likevel når vi i staben det siste året har hatt lengre sjukmeldingar, og når det samstundes står ubesette stillingar i det fellesrådet vi høyrer til. Då må vi hjelpe til i andre sokn, og det fører sjølvstilt til mindre arbeid her lokalt.

På tross av dette meiner vi å kunne seie at tala i det store og heile er oppmuntrande for oss som kyrkjelyd. Og så veit vi at det er særst mykje som skjer i kyrkjelyden vår som ikkje er gjort greie for i tal og rapportar. Møter mellom menneske. Gode samtalar. Varme hender og vener som trer støttande til i livskriser. Smågrupper i heimane der folk samlast kring Bibel, samtale og bøn. Møter ute på byen og mange ulike diakonale tiltak der menneske får oppleve seg sett og inkludert.

Gudstenestetala er difor ikkje berre ein indikasjon på at vi har gode gudstenester, men at det skjer noko i kyrkjelyden vår i kvardagane imellom som gjer at gudstenestefellesskapet vårt har eit truverd og ei tiltrekking. Og vi ynskjer sjølvstilt at vi som kyrkjelyd og som fellesskap skal få lov til å bety meir for fleire.

Takk difor til alle frivillige, tilsette og tilhøyrande som er med på å skape dette store fellesskapet som er oss, og takk til Gud for alt vi har fått og får i kyrkja vår og i møte med menneske i lokalsamfunnet vårt.

29. Januar 2026

Soknepresten i Førde

Ingvald Andersen Frøyen

Kyrkjeleg undervisning og læring

Nye tiltak i 2025:

I 2025 prøvde vi ut konfirmantleir for alle konfirmantane på Lyngmo i Luster (to helger med halvparten av konfirmantane kvar). Tidlegare var leir ein av ulike aktivitetar som kunne bli valt. På laurdagen kunne dei velgje mellom å reise til skitrekktet, i Lustrabadet eller vere igjen på Lyngmo. På kvelden var det samling i salen og søndag var det ulike aktivitetar på leirstaden. Mange foreldre pluss ungdommar frå Followme var med som både nattevakter og støttespelarar eller gruppeleiarar. Det var to vellykka helger trass lite snø og mildvær. Soknerådet gav økonomisk støtte til leige av buss for å redusere konfirmantavgift. Sidan gjennomføringa var veldig ressurskrevjande blei det ikkje vidareført i 2026.

Suksesshistorie frå 2025:

Vi har i mange år prøvd å få til arrangement for småbarnsfamiliar og no ser vi at vi har lukkast med Hallo Venn. Invitasjonen går til førsteklassingane med heile familien. Arrangementet er ope for alle og mange andre familiar kjem også til aktivitetar, program og sal av mat på Førde kyrkjetun. Dei som vil kan kle seg ut. Hallo Venn er kome for å bli.

Fokusområde 2026:

Framleis er tilbod til heile familien vårt fokusområde. Sidan vi har fått pussa opp Amfiet ynskjer vi å auke aktiviteten i dette rommet, særleg for dei frå 12 år og oppover. Dette er ei gruppe vi ynskjer å nå.

Frå kantor – kyrkjemusikalsk arbeid

2025 har vore eit år med varierte oppgåver og mange musikalske høgdepunkt!

Framføringa av Mozart requiem i oktober vart ein opptur for både aktørar og publikum. Det gav påfyll å vere saman med kollega Erlend Os på dette prosjektet.

Aspirant og - Barnekoret har hatt mange songoppdrag og to av dei var å synge på Folkefesten 17. mai og på kulturkvelden til Førde mållag. Mange gode tilbakemeldingar! Det er flott at kyrkja sine barnekor også blir brukt på andre arenaer enn i kyrkja.

Elles deltok kora i korskulen og kyrkjekoret fast på nokre gudstenester i løpet av året og på Førde omsorgssenter ein gong i semesteret. Medlemstala i kora har vore stabile i 2025. Samarbeid med Naustdal barnekor, Jølster barnegospel og Korskulen i Førde kyrkje om årleg barnekonserter i Førdehuset er veldig kjekt! I 2025 var det Lisa Børud som var gjesteartist. Det har vore fint å kunne tilby flotte konsertar i regi av Førde sokneråd, som «Vårkonserten» og «Kyrkjelyden sin julekonsert». Begge desse konsertane var særst godt besøkt i 2025. Jobben med å få på plass flygel er godt i gang.

Hjarteleg takk til alle frivillige som delteke i det kyrkjemusikalske arbeidet i 2025!

Utval for Gudsteneste og Kyrkjemusikk

I 2025 har utvalet, i tillegg til alle dei faste rutineoppgåvene som gudstenestene-planar og konsertoversiktar, teke tak i nokre heilt konkrete utfordringar.

Utvalet har jobba konkret med korleis forkynninga og prestane si rolle i gudstenesta fungerer lokalt hos oss. Forventningar. Form og innhald. Dette har vore opne samtaler i utvalet. Likeins har vi teke for oss musikk og salmeval i gudstenestene våre og drøfta det kyrkjemusikalske inn mot gudstenestene.

I andre halvår tok vi til med ei gjennomgåing av dei ulike gudstenesteprogramma og liturgiane vi nyttar i Førde kyrkje. Dei trykte programma som vert delt ut til kyrkjelyden, og dei liturgiane som er rettleiande for dei som er liturgar.

Her tek vi for oss språklege forbetringar, endringar i liturgiane som må takast inn, endringar i bibeltekstar som må rettast opp, men også det reint visuelle og utforminga av programma. Vi ser og om det er mogeleg å gjere nokre forenklingar i dåp- og nattverds- liturgiane så dei reint dramaturgisk kan fungere betre og ikkje vere så ordrike.

I dette arbeidet står vi sjølvstøtt ikkje heilt fritt, men må forhalda oss til nasjonale normer og godkjenning frå prost/biskop. Likevel er det eit visst handlingsrom som er unytta til mindre endringar.

Målet er at vi skal ha fullført dette arbeidet innan 1.august 2026 slik at nye program kan trykkast opp og takast i bruk før haustsemesteret.

For utvalet – Konstituert leiar (i Hallvard Møgster sitt fråvær)
Ingvald Andersen Frøyen, Sokneprest

Diakoni- og miljøutvalet

Nye tiltak i 2025:

Kyrkjelyden har tre misjonsprosjekt: Estland (NMS), Okhaldunga sjukehus i Nepal (Normisjon) og den Lutherske kyrkja i Cuba (Normisjon/Björgvin bispedømme). Dei to siste er nye.

Grøn kyrkjelyd/Agent for skaparverket: Nytt for året var samarbeid med Birdlife.

Det viktigaste for DMU har vore å halde i gang eksisterande tilbod. Kyrkjeskysen er sårbar, det same gjeld besøkstenesta.

Suksesshistorie frå 2025:

Inkluderande fellesskap: 10-kaffien i samarbeid med Friskliv- og frivilligsenteret fungerer svært godt som inkluderande fellesskap, har hatt aukande oppmøte, og betyr mykje for dei som kjem.

Strikketreffa i samarbeid med Ull & Omtanke får stadig nye med, og rekordmange tepper er delt ut til kreftpasientar i 2025. Deltakarane med ulik bakgrunn kjem frå heile kommunen.

Kyrkjekaffi kvar søndag som konfirmantforeldre står for, har fungert godt og samlande for kyrkjelyden.

Med **Kyrkja i Byen** har kyrkja vore synleg og tilgjengeleg på Storebrua i Førde sentrum kvar veke.

Fokusområde 2026:

- Rekruttere nok frivillige til å vidareføre dei tiltaka som er i gang.
- Få ungdomsdiakonitiltaka, som no er prosjekt, inn i faste rammer.
- Få engasjement rundt dei nye misjonsprosjekta.

Prosjekt Kraft

I prosjektplanen til Kraft var eit av måla i 2025 å kome i gong med arbeid for unge vaksne. Det var også eit mål å få med fleire konfirmantar vidare.

Nye tiltak i 2025:

Eit nytt tiltak for å få med unge vaksne har vore gospelkoret. I tillegg har vi starta Kraft Sosial – med mellom anna arrangement av hausttaketapas.

I haust satt vi i gong med ungdomsklubb som først var retta mot 10.klassingar, før det opna for alderen 15-25 år. Det har vore ca 17 ungdomar innom, der fire av desse er fjorårskonfirmantar. Prosjektleiari Johanne har i haust fulgt opp to elevar på folkehøgskulen med kunst og samtale.

Suksesshistorie frå 2025:

Felles tur til followmekonferansen vart ein opptur for dei ungdomane som var med.

I september hadde vi med oss 10 ungdomsleiarar til konfirmanthelg på Nesholmen.

Ellers har det blitt eit tett samarbeid med Sunnfjord FHS, der ein starta året med ei obligatorisk gudsteneste for alle elevar, som i ettertid har ført til frivillig oppmøte blant ca 30 elevar på påfyllsgudsteneste på Kyrkjetunet. Gospelgudstenesta der koret frå folkehøgskulen var med vart besøkt av ca 210 menneske.

Fokusområde 2026:

Fokus i 2026 blir å gradvis få prosjektet over i fast drift og velge seg ut kva tilbod vi skal satse på over tid.

Helg og heim

Nytt i 2025:

Helg og Heim har nytt innhald i kvart nummer, med vekt på stoff² skjer i kyrkja, og artiklar som kan ha interesse for alle lesarar.

Suksesshistorie frå 2025:

Redaksjonen har klart å levere allsidig stoff; Blad nr. 1 hadde tema «Sang og se fokus på frivilligheit. Krematorium i Sunnfjord, bokverket «Historia om Førde», konfirmantundervisninga er blant andre tema, i tillegg til intervjuar av interesse.

I 2025 hadde vi 3 nummer a 16 sider+ julenummer med 20 sider. Bladet, ein \ kyrkja, nådde ut til om lag 7600 husstandar. Grafisk utforming er ved Firda Tide

Grafisk, og distribusjon ved Posten.

Styret har arbeidd med å forbetre annonsar, få nye annonsørar, og ha kontroll redaksjon og styre har utført stor dugnadsinnsats gjennom året.

Fokusområde 2026:

For styret er fokus å halde økonomien under kontroll, og ha god nok økonomi til å gje ut same sidetal som i 2025. For redaksjonen er fokus å syne fram det allsidige arbeidet som tilsette og frivillige gjer.

Ole Johnny Warvik
Styreleiar

Årsrapport Førde kyrkjetun 2025

Styret har hatt 6 styremøte, og behandla 43 saker

Det er generelt stor aktivitet på huset. Men vi har ledig kapasitet, spesielt til private arrangement, der vi tilbyr lokale og leigetakar ordnar seg sjølv.

I inneverande år hadde vi ikkje sett av økonomiske midlar til investering, dette for å bygge opp att litt eigenkapital etter utviding av Kyrkjetunet.

Likevel starta vi på oppussing av Amfiet på slutten av året.

Aktiviteten på huset aukar, men vi har framleis kapasitet til meir, spesielt private arrangement.

Loppemarknaden er ein tradisjon vi har hatt lenge. Arrangementet går bra, men vi registrer nedgang i både lopper og folk. Inntektene var på ca. kr.28 000.-, mot 29 000 året før

Økonomi:

Rekneskap for 2025 viser eit overskot på kr. 751 058

Kyrkjetunet har lønsmidlar til 100% stilling. Dette er fordelt på dagleg leiar 80% stilling og 20% til innleige. Pga. av at dagleg leiar har vore sjukemeld i deler av stillinga har det vore brukt meir til innleige dette året enn tidlegare.

Aktiviteten på ekstern utleige har auka. Det var 48 minnesamvær i 2025 (mot 39 i 2024)

Frivilligheita er stor på huset. Vi har ei vaktmeistergruppe, og ei gruppe for kjøkenhjelp (borddekking, servering, oppvask ved minnesamværa)

Husstyret takkar både tilsette og frivillige for innsatsen.